



R E F E R A T

FRÅ MØTET I SOKNERÅDET/FELLESRÅDET 07.11.19

Til stades: Svein Løwe, Eva Beate Nybø, Sissel Kvist, Arne Hjelmås, Hanne Katrine Småge, Anne Beate Storbakk Skeide, Odd Arve Orten, Anne Berit Oterhals Skrede

Kommunestyrerepresentant Audhild Mork hadde meldt forfall.
Vararepr Oddvar Hoksnes fekk dessverre ikkje innkalling
(Ny medlem blir vald i komande kommunestyre)

Sak 30/19 Arbeidsoppgåver i soknerådet/fellesrådet 2019 – 2023

Svein Løwe hadde laga ein powerpoint og presenterte oppgåvene ut frå kyrkjelova, praksis i Aukra siste periode og framtidige utfordringar
Jfr vedlegg.

Sak 31/19 Budsjett 2020

Tilrådinga frå kyrkjevevjen med forslag om ein auke i rammene på kr 400.000 vart gjort før finrekning og gjennomgang av nødvendige prosjekt

Samrøystes VEDTAK

Aukra sokneråd/fellesrådbed Aukra kommunestyre om ei utviding av budsjettramna for 2020 med kr 600.000 for å kunne imøtekome oppgåvene som må gjerast i 2020.

Utskrift: Til rådmannen

Sak 32/19 Førjulssamkome laurdag 07.12.19 - Arbeidsfordeling

Resultat:

Matkomite: Anne Berit, Arne, Svein, Anne Beate (Oddmund?)

Pyntekomite: Hanne Katrine og Eva Beate

Programkomite: Sissel (leiar), Kristian Finn, Odd Arve

Sak 33/19 Misjonshelga 14. – 17. november

Misjonsprosjektet til soknet, om hjelp til Moldova gjennom Misjon Uten Grenser, blir løfta fram denne helga. Vi får besøk av Roar Aakre.

Torsdag

blir han saman med konfirmantane,

Fredag kl 19.00

misjonsmøte på kyrkjelydshuset.

Laurdag kl 09.30 – 11.00

møte med soknerådet

Søndag

blir han med på gudstenesta

Sak 34/19 Soknerådskurset på Røbekk 14. november

Peder samordnar transport. Den som treng skyss tek kontakt med 48 15 63 66

Sak 35/19 Underutval i SR/FR

Svein Løwe presenterte og aktualiserte/problematiserte tema rundt hovudutval og underutval

VEDTAK

AU førebur denne saka til komande soknerådsmøte og kjem med forslag til organisering.

Sak 36/19 Eventuelt

A) Soknerådet omgjer offerlista slik at det blir tatt opp takkoffer til misjonsprosjektet Moldova i gudstenesta 17. november

B) Invitasjonsskriv til minnegudstenesta

Det har kome reaksjonar til eit soknerådsmedlem om at invitasjonsskrivet til pårørande som har misst nokon siste året kan gjerast meir personleg og ikkje så «mekanisk» utan underskrift.

Aukra 08.11.19



Peder Nedrelid
kyrkjeverjevikar